



[Helse-mr.no/fode-Molde](https://helse-mr.no/fode-Molde)



[Helse-mr.no/fode-Alesund](https://helse-mr.no/fode-Alesund)



[Helse-mr.no/fode-Kristiansund](https://helse-mr.no/fode-Kristiansund)



[Helse-mr.no/fode-Volda](https://helse-mr.no/fode-Volda)

Parkering

Parkering for pasientar og pårørende på sjukehuset sitt område – følg reglar for eventuell parkeringsavgift

Kontaktinformasjon

Føde-barselavdeling

- Molde sjukehus: 71 12 17 60
- Volda sjukehus: 70 05 83 61
- Ålesund sjukehus: 70 10 59 40 / 70 10 59 28
- Kristiansund sykehus: 71 12 18 05

Pasientkoordinator for operasjon

- Molde sjukehus: 71 12 17 60
- Volda sjukehus: 70 05 82 48
- Ålesund sjukehus: 70 10 59 57
- Kristiansund sykehus: 71 12 18 05

Avdeling for fødselshjelp og kvinnesjukdommar

Planlagt keisarsnitt

Informasjon til foreldre



Velkommen til oss!

Vanlegvis møter du i fødeavdelinga dagen før keisarsnittet. Dersom det er planlagt til ein måndag (eller dag etter høgtid) møter du vanlegvis siste ordinære virkedag før inngrepet.

På fødeavdelinga blir du tatt i mot av jordmor. Her får du informasjon om forløpet ved planlagt keisarsnitt og utfører nødvendige undersøkingar. Mellom anna måler vi blodtrykk, temperatur, tek blodprøver, lyttar på hjertelyden og vurderer barnet sitt leie. Du får samtale med anestesilege/anestesisjukepleiar og lege ved fødeavdelinga.

Om du ikkje har for lang reiseveg kan du vanlegvis sove heime natta til operasjonsdagen.

Ta med:

- Helsekort for gravide
- Svar på blodprøver tatt i svangerskapet
- Toalettsaker, klede og sko til innebruk
- Eventuelt faste medisiner
- Klede til barnet (body, teppe osv) Vi har bleier
- Bæresjal/tubetopp om du ønsker å bruke det

Viktig å vite

For å forebygge infeksjon skal den gravide unngå hårfjerning nedentil dei to siste vekene før planlagt keisarsnitt

Har du dei siste 12 månadane vore i kontakt med helseteneste i utlandet kan det vere risiko for at du har blitt utsett for MRSA-smitte, eller annan multiresistent bakterie-smitte. Du skal då teste deg hos fastlegen din eller jordmor i kommunen før du kjem til sjukehuset.

Familien – under opphaldet

Partener/ledager er velkomen i avdelinga i tida 10.00-20.00 om hen ikkje er på familierom. Du har høve til å ta i mot besøk av barnets søsken mellom kl 17.00-18.00 og besteforeldre til barnet i tida kl 18.00 – 19.00. Avdelinga er ikkje open for andre besøkande.

Vi vil legge til rette for at partner eller annan støtteperson kan vere saman med deg og den nyfødde i barselavdelinga så langt kapasiteten tillet det. Ved full barselavdeling vil førstegongsfødande bli prioritert, og vi kan dessverre ikkje avtale for meir enn ei natt av gongen, då kapasiteten kan svinge fort. Dette kostar p.t kr 400,- pr døgn og inkluderer kost.

Heimreise

Etter planlagt keisarsnitt er det vanleg å reise heim 3. dag etter fødselen. Før heimreise vil du få tilbod om utreisesamtale med jordmor.

Vi planlegg at du blir utskriven på føremiddagen. Du vil få med kopi av fødselsrapporten som vi sender til helsestasjonen og fastlegen.

Få dagar etter heimkomst vert du kontakta av jordmor eller helsesjukepleiar i kommunen, der vidare oppfølging skjer. Ta også sjølv kontakt med helsestasjonen om du lurar på noko.

Dei 2 første vekene etter fødselen har du høve til å kontakte barselavdelinga/barselpoliklinikken utanom helsestasjonen sine opningstider. Telefonnummer til oss finn du på siste side i denne brosjyra og i informasjonsbrosjyre du vil få utdelt på barsel før utreise.

Det er nyttig for deg å kjenne til Ammehjelpen – sjå Ammehjelpen.no



Fødselen/operasjonen

Dersom du har med deg partner/støtteperson vil hen sitte hos deg under inngrepet.

Vi ønsker å legge til rette for at barnet så raskt som mogeleg etter fødselen får kome på mors bryst. Hud-mot-hud kontakt frå like etter fødselen er viktig for en god start for mor-barn – forholdet og vidare for ein god start på amminga. Målet er at barnet skal ligge hud mot hud fram til den første amminga har funne stad. Det vil vere ulikt kor lang tid det tek før barnet er klar til å die.

Den nyfødde vil ha bleie (og evt lue) på. I tillegg vil varmt tøy bli lagt over barnet for å unngå at barnet blir avkjølt.

Også nyfødde som av ulike årsaker ikkje skal die hos mor vil ha stor fordel av direkte og hyppig hudkontakt den første tida.

Etter operasjonen flyttar du til oppvåkingsavdelinga. Så lenge du og barnet har det bra, har du barnet hos deg med høve til tett kroppskontakt og amming.

Filming/foto/mobilbruk

Det er ikkje høve til å filme eller ta bilete inne på operasjonsavdelinga. I fødeavdelinga er det mogleg å ta bilete av barnet. Før ein eventuelt tek bilde av tilsette, må ein avtale det med vedkomande på førehand.

Vi tilrår å redusere mobilbruken under opphaldet i barselavdelinga for at de kan nytte tida godt saman med kvarandre og barnet for å fremje tilknytting.

Barseloppholdet

Oppvåkingsavdelinga

Sjukepleiar ved intensivavdelinga har ansvar for deg dei første timane etter operasjonen. Jordmor/barnepleiar vil hjelpe med tilrettelegging for amming. Vi har fokus på god smertelindring, individuell støtte og rettleiing.

Partner/støtteperson er velkomen å vere hos deg også den tida du er i oppvåkingsavdelinga. Du skal ikkje vere aleine om ansvar for barnet dei første timane etter operasjonen difor er det nødvendig at partner/støtteperson gir beskjed om hen går frå avdelinga. Vanlegvis får du flytte til barselavdelinga etter 3-4 timar.

Barselavdelinga

Du vil få god smertelindring og individuell støtte/rettleiing under opphaldet. Det er viktig med tidleg mobilisering etter operasjonen, og allereie operasjonsdagen får du hjelp til å komme ut av senga. Du får utdelt brosjyre med råd om opptrening etter svangerskap og keisarsnitt. Vanlegvis vil urinkateteret bli fjerna få timar etter operasjonen. Har du fått nauraksial anestesi (Volda) blir urinkateteret liggande første døgnet etter keisarsnittet.

Det blir vurdert om du skal ha blodfortynnande sprøyte for å forebygge blodpropp.

Risikoforhold og komplikasjoner

Som ved alle operasjoner er det ein risiko for komplikasjonar etter eit keisarsnitt. Narkose/bedøving medfører også ein liten risiko. Komplikasjoner til ryggbedøvinger er sjeldne, men forbigående hovudverk kan oppstå. Dei mest vanlege komplikasjonar etter keisarsnitt er blødning, infeksjon og problem med vannlatning. Etter at du har reist frå avdelinga må du kontakte lege dersom du får desse symptoma.

For meir informasjon sjå nettsidene våre om keisarsnitt.

Operasjonsdagen

Du skal vere fastande frå midnatt og møter til avtalt tid i fødeavdelinga. Å vere fastande vil seie at du ikkje kan nyte mat, tyggegummi, drops eller røyk. Du kan likevel drikke klare væsker fram til 2 timar før operasjonen.

Du møter nydusja, men unngå å ta på hudlotion/-olje.

I fødeavdelinga får du lagt inn urinkateter og utført hår-fjerning rundt operasjonsfeltet.

Partner/støtteperson

Du har høve til å ha med deg partner eller ein støtteperson under operasjonen. Det gjeld dersom du får ryggbedøving (spinal eller epidural) –og er vaken under inngrepet. Hensikta er at hen skal vere til støtte for deg, og at de får oppleve fødselen saman.

Partner/støtteperson må skifte til operasjonsavdelinga sitt tøy og ha munnbind og hette på medan hen er i avdelinga.

Dersom det oppstår komplikasjonar må partner/støtteperson forlate operasjonsavdelinga.